



Saksbehandlar: Arvid Stenehjem, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 16/4679-1

## **Fylkeshovudverneombodet i Sogn og Fjordane fylkeskommune - rolle og ansvar**

### **Fylkesrådmannen rår hovudsamarbeidsutvalet til å gjere slikt vedtak:**

- 1) Hovudsamarbeidsutvalet stadfestar val av Olav Vestrheim som nytt fylkeshovudverneombod (FHVO) for ein to års periode.
- 2) Vervet som fylkeshovudverneombod (FHVO) utgjer 60 % av ein heil stilling.
- 3) FHVO er fast medlem i hovudsamarbeidsutvalet har personleg varamedlem valt etter framlegg frå dei tilsette sine representantar.
- 4) Fylkeshovudverneombodet sin rolle har ikkje direkte heimel i arbeidsmiljølova, men fylkeskommunen nyttar same regelverket ved oppnemning og i forståing av rolla.
- 5) FHVO er ikkje overordna hovudverneomboda (HVO) eller verneomboda (VO) lokalt, men skal ha ei koordinerande rolle.
- 6) FHVO utøver koordineringsrolla i etablerte kontakt/nettverk med alle hovudverneomboda (HVO) som er faste representantar i sine respektive lokale arbeidsmiljøutval (LAMU).

Vedlegg: Ingen

### Andre dokument som ikkje ligg ved:

Arbeidsmiljølova med forskrifter

Verneombudenes oppgåve og rolle - faktaside frå arbeidstilsynet

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Samandrag**

Arbeidstakarorganisasjonane har med heimel i [AML § 6.1](#) utpeikt **Olav Vestrheim** som nytt fylkeshovudverneombod (FHVO). Han tok til i dette vervet den 15. august 2016. Olav er lektor med tillegg ved Årdal vidaregåande skule. Vervet tilsvrar ein 60 % stilling. Rolle- og ansvarsavklaringa i saksutgreininga her skal vere gjeldande i periode fram til 15. august 2018 eller til nyval av FHVO. Ønskje/kra om revidering kan til ein kvar tid fremjast.

### **2. Bakgrunn for saka**

Kari Hagen har gitt melding om at ho frå 1. august 2016 går inn i undervisning ved Sogndal vidaregåande skule. Og hennar siste dag som FHVO var 23. juni 2016. Dei fylkeshovudtillitsvalde (FHTV) har valt nytt FHVO og hovudsamarbeidsutvalet (HSU) stadfestar valet i denne saka. FHVO blir valt for ein periode på to år etter reglane i §3.2 i forskrift om [Organisering, leiing og medvirkning](#).

Vervet FHVO har vore utøvd uregulert og vi ser behovet for å utarbeide nokre skriftlege rolle- og ansvarsavklaringar. Særskilt er dette viktig nå innehavaren av vervet har ei todelt rolle, ei som ordinert tilsett og med eit frikjøp tilsvarande 60 % av sin heile stilling i vervet for FHVO.

### **3. Rolle og ansvarsavklaring**

- **Kontorstad**
  - FHVO har pt. avtale om kontorplass på fylkeshuset dagane måndag, onsdag og fredag.
- **Tidspunkt på kontoret**
  - Det er gjort avtale om at reisetida på kontordagane er inkludert i arbeidstida. Det betyr at FHVO reiser heimafrå kl. 8.00 og forlèt kontoret slik at han er heime att før normalarbeidstida sluttar.
- **Kven har personalansvaret for FHVO?**
  - I høve den arbeidspliktige delen av stillinga (40 %) vil den tilsette måtte forholde seg til rektor ved eininga han er tilsett ved. I rolla som FHVO skal vedkommande forholde seg til personalsjefen.
  - Arbeidet i stillinga har forrang til aktivitetar knytt til vervet som FHVO.
  - Dette er likevel utfordrande i personalspørsmål som har konsekvensar utover den todelinga vi har med 40 % knytt til tilsetjingsforholdet og 60 % av stillinga som frikjøp i vervet som FHVO.
  - Å levere eigen- eller sjukmeldingar? Det vil vere rett at mottakar av sjukmeldingar er Årdal vg skule ved rektor m.a. fordi NAV /folketrygda registerer han som tilsett ved eininga.
  - Ved langvarig sjukefråvær vil det vere rektor som får oppfølgingsansvaret.
  - Å søkje om permisjonar? Permisjonar som råkar den avtalte tida ved skulen skal leverast rektor. Permisjonar som råkar den avtalte kontortida til FHVO skal leverast til personalsjefen.
  - Einingsleiar/rektor og personalsjefen må ha tett dialog og samordne dette ansvaret mellom seg.
- **Kurs – 40timars og HVO kurs**
  - FHVO vert pålagde å delta på grunnkurs i arbeidsmiljøkunnskap og spesialkurs for hovudverneombod.
  - FHVO deltek også på våre 40timarskurs med innlegg og observatørrolle.
- **Litteratur**
  - FHVO overtek litteratur, lov- og forskritsverk som følgjer rolla.
  - FHVO har abonnement på HMS-magasinet
  - I samråd med personalsjefen kan FHVO kjøpe anna relevant faglitteratur og elles få tilgang til slik litteratur som Frm-personal disponerer.
- **Seminar**
  - Arbeidslivskongressen er eit tilbod anna kvart år i regi av Arbeidsmiljøsenteret. Det er ønskjeleg at FHVO får høve til å delta der. Personalsjefen godkjenner kurs og andre reiseaktivitetar som knyter seg til fagleg utvikling i rolla som FHVO.
- **Kontaktmøtet**

- FHVO arrangerer årleg eit såkalla kontaktmøte der hovudmålgruppa er alle hovudverneomboda i fylkeskommunen. Her vil Frm-personal vere sekretariat.
- **Facebook nettverket**
  - Det er danna ei eiga lukka nettverksgruppe på facebook for landets fylkeshovudverneombod. Vi føreset at FHVO koplar seg til det nettverket og nyttar dette sosiale mediet som fagleg forum.
- **Lønn og kompensasjon for overtidsarbeid**
  - FHVO beheld si lønn og den lønsutviklinga som han/ho ville fått i si stilling om vedkommande ikkje vart frikjøpt i vervet.
  - FHVO er underlagt reglar om kompensasjon for arbeid og reisetid utover ordinær arbeidstid på tenestereiser.
- **Fleksiskjema**
  - FHVO føre fleksiskjema for frammøte og avreise frå kontorstad samt reisetidspunkt og heimkomst for andre reiser i vervet.
- **Portefølje**
  - Det er ikkje avtalt ein bestemt sum pengar for dekking av ekstrautgifter i vervet. Det vert likevel sett av pengar i budsjettet som skal dekke desse kostnadene.

#### **4. Konklusjon**

Då det ikkje finnест regelverk knytt til rolla som fylkeshovudverneombod gjer vi her eit forsøk på å stake opp nokre retningsliner som skal gjelde for inneverande valperiode.